



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Intensjonserklæringer for Vinje og Rauland kyrkjer

Vedlegg

- 1 Intensjonserklaering_mal_kommune 1
- 2 doc01724920250812103907

Dokument i saka

Søknad frå Vinje kyrkjelege fellesråd datert 12. august 25.

Bakgrunn

Kirkebevaringsfondet er ei statleg satsing som skal sikre bevaring og vedlikehald av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer i Noreg. Fondet vart oppretta i 2023 og har som mål å støtte restaurering av rundt 1 000 kyrkjebygg. Regjeringa har løyvd inntil 10 milliardar kroner over fleire år, med årlege tilskot på opptil 500 millionar kroner.

Ansvar for fondet ligg hos Barne- og familiedepartementet, medan eit programstyre – leia av Den norske kyrkja og med representantar frå Riksantikvaren og Hovudorganisasjonen KA – fordeler midlane etter søknad. Riksantikvaren har etablert eit programsekretariat i Trondheim som står for den daglege drifta og sakshandsaminga.

Vinje kyrkjelege fellesråd ønskjer å utbetre kyrkjene Vinje og Rauland. Dei søker no *Kirkebevaringsfondet* om tilskot til å utarbeide to forprosjekt, og dette dekkjer fondet fullt ut. Forprosjekta resulterer i tilstandsrapportar for kyrkjene.

Til utbetningsprosjekta dekkjer fondet 50%. Det er ei forventning om at kommunen dekkjer den andre halvparten. Intensjonserklæringane er dokumentasjon overfor fondet om at kommunen er informert og at det kan kome behov for finansiering, men er ikkje ei bindande avtale om å setje av midlar. Søknadsfristen er i november og søkerane får tilbakemelding i desember.

Vurdering

Kommunens ansvar for vedlikehald av kyrkjer i Noreg er regulert gjennom trossamfunnsloven § 14, og inneber ei omfattande og lovpålagt forplikting til å støtte kyrkja lokalt.

Det potensielle økonomiske omfanget for kommunens engasjement er altså ikkje kjent. Dersom fondet løyver midlar til forprosjekt, vil 2026 gå med til dette arbeidet, og at kommunen tidlegast kan få ein førespurnad om medfinansiering i 2027.

Kommunedirektøren har ikkje merknader til initiativet, og vil tilrå at kommunestyret tiltrer intensjonserklæringane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune godkjenner intensjonserklæringar for utbetring av Vinje og Rauland kyrkjer.